



TYSNES KOMMUNE

ÅRSMELDING 2015

FOR KONTROLLUTVALET I

TYSNES KOMMUNE



1 Føremål og oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalet har som oppgåve å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet skal også sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein kva som er oppgåvene til kontrollutvalet.

«Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.»

2 Samansetjing av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har vore slik samansett for perioden 2011 – 2015, fram til hausten 2015:

Medlemmer:

Magne Ivar Fauskanger - utvalsleiar
Tine Sofie Stensland - nestleiar
Britt Sørensen Dalsgård
Steinar Frugård
Annette Haugsgjerd

Vararepresentantar (i rekkefølge):

Hans Ole Dalland
Linn Frøkedal
Morten Helland
Atle Teigland

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Magne Ivar Fauskanger var kommunestyremedlem.

Kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 er slik samansett :

Medlemmer :

1. Britt Sørensen Dalsgård, (Ap), leiar
2. Lorentz Lunde, (Krf), nestleiar
3. Patrick Russel Madsen (Ap)
4. Magne Ivar Fauskanger (Frp)
5. Kirsten Gunn Epland (H)

Varamedlemmer :

Vara for 1, 2 og 3:

1. Lars Enes, (Krf)
2. Lene Bergesen Kleppe, (Ap)
3. Inger Johanne Røssland (Ap)

Vara for 4 og 5:

1. Helge Hauge (Sp)
2. Linbjørg Lunde, (V)
3. Arne Onarheim, (H)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Patrick Russel Madsen er kommunestyremedlem.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2015

- Kontrollutvalet hadde 4 møter i 2015, og handsama 49 saker.
- Kontrollutvalet har opne møter.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på nokre av møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har også møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørja for sekretær bistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggast til kommunen sin administrasjon.

Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørja for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredsstiller utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trøng for.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Tysnes kommune. Kari Nygard har vore sekretær på alle møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, og Samnanger. Sekretariatet har også vore sekretariat for kontrollutvalet i Austevoll og Os kommune fram til 31.12.2015.

Kommunestyret i Tysnes kommune gjorde, etter innstilling fra kontrollutvalet, slike vedtak i møte 22.09.15.:

1. *Kommunestyret seier opp gjeldande avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet.*
2. *Rådmannen får fullmakt til å lyse sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Kommunestyret avgjør val av leverandør innan 31.12.16.*

5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er på gang og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Tysnes kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2016. Arbeid med utlysing av konkurranse og innhenting av tilbod er nå i ferd med å bli gjennomført. Kontrollutvalet vil våren 2016 koma med innstilling til val av revisor for ny avtaleperiode. Val av revisor skal iflg. Kommunelova § 78, pkt. 4 avgjera av kommunestyret, etter innstilling fra kontrollutvalet. Etter at val av revisor er gjort, vil ny avtaleperiode for revisjonstenester ta til å gjelde fra 01.07.2016 og i 4 år, fram til 30.06.2020.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillende utført.

Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Bjarne Ryland, som i tråd med regleverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune. Erlend Haug har vore kontaktperson hjå Deloitte når det gjeld arbeid med rekneskapsrevisjon, og er den som har møtt i slike saker i kontrollutvalet.

6 **Forum for kontroll og tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplattform for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Tysnes kommune er medlem i FKT.

7 **Opplæring**

Ingen frå kontrollutvalet i Tysnes kommune har delteke på eksterne kurs / opplæring i 2015. Dei fleste medlemane i det nye kontrollutvalet meldte seg derimot på folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland, som skulle haldast på Solstrand i januar 2016.

8 **Tysnes kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinkalling.**

Tysnes kommune har arbeidd med tilrettelegging og tilpassing av ny heimeside i 2014 og 2015. Kontrollutvalet har fått informasjon om arbeidet underveis, og har kome med innspel til organisering og innhald, særleg vedr. utforming av opplysningar som gjeld kontrollutvalet.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet, brukar lesebrett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nyttja denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt, og at innkallingar og protokollar vert lagt ut her etter kvart. Dette har ikkje fungert optimalt i 2015, og kontrollutvalet ønskjer at det vert arbeida vidare med å tilrettelegga opplysninga på heimesida på ein god måte.

9 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter."

I tråd med forskrifa vart det i 2012 utarbeida og vedteke plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016. Denne planen vil vera gjeldande fram til ny plan vert utarbeida av kontrollutvalet i denne valperioden. Dette arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2016 og leggast fram for kommunestyret i løpet av hausten. Dette vil då vera plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

9.1 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

I 2013 vart forvaltningsrevisjon av «Tilpassa opplæring og spesialundervisning i grunnskulen» gjennomført. Tiltrådingane frå rapporten etter forvaltningsrevisjonen vart teke med då «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp» vart utarbeida og lagt fram til handsaming i utval for oppvekst og omsorg og kommunestyret i 2014. Kontrollutvalet har fått informasjon og gjennomgang av innhaldet i planen.

Kontrollutvalet vil vurdera om det er aktuelt å etterspørja informasjon om det vidare arbeidet med «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp», for å sjå til at tilrådingar etter forvaltningsrevisjonen av dette tenesteområdet er gjennomført.

9.2 Andre prosjekt ut frå plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016.

Kontrollutvalet har fått gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt til i planperioden. I møte 09.02.15 vedtok kontrollutvalet at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon av tenesteområdet plan- og byggesaker i Tysnes kommune.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen skulle vera å vurdera om Tysnes kommune har gode system og rutinar knytt til sakshandsaming innan plan- og byggesaksområdet, og om kommunen gir god informasjon og rettleiing til søkerar i plan- og byggesaker.

Det var målsetjing at rapport etter forvaltningsrevisjonen skulle leggast fram hausten 2015, men gjennomføring av arbeidet har teke meir tid enn forventa. Rapport vil såleis bli lagt fram våren 2016. Ut frå konklusjonar og tilrådingar etter forvaltningsrevisjonen har kontrollutvalet gjort innstilling i 11 punkt til kommunestyret, og det er gjort framlegg om å be rådmann laga ein handlingsplan som viser kva som skal følgjast opp vidare framover.

10 **Arbeid med selskapskontroll**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."

På bakgrunn av dette vart det i 2012 utarbeida og vedteke plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016. Denne planen vil og vera gjeldande fram til ny plan vert utarbeida av kontrollutvalet i denne valperioden. Dette arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2016 og leggast fram for kommunestyret til hausten. Dette vil då vera plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

10.1 Gjennomførte selskapskontroller, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk

I 2012 vart det gjennomført selskapskontroll for å sjå på Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM), og SIM-konsernet sin organisering, men også korleis kommunane på ein betre måte kan få stetta kravet om betre eigarstyring av selskapet.

Kontrollutvalet har halde seg orientert om korleis Tysnes kommune utøver eigarskapen i SIM-konsernet ved å få framlagt årsmelding frå SIM og informasjon om saker til representantskapsmøte.

Tysnes kommune har eigarskap i «Business Region Bergen AS» (BRB). Kontrollutvalet har fått informasjon om selskapskontroll som vart gjennomført i selskapet i 2013, og om oppfølgingsarbeidet som er gjort i BRB etter selskapskontrollen.

10.2 Eigarskapsmelding for Tysnes kommune 2013 - 2015

Eigarskapsmeldinga vart vedteke i kommunestyret 18.06.13. Arbeidet med denne meldinga er med på å gje eit godt grunnlag for å utøva eigarskapen som kommunen har på ein tilfredstillande måte. Det vil truleg vera aktuelt å oppdatera / evaluera eigarskapsmeldinga nå i ny valgperiode. Kontrollutvalet vil halda seg orientert om dette arbeidet vidare framover.

11 Arbeid med rekneskapsrevisjon og den økonomiske situasjonen i Tysnes kommune.

Kontrollutvalet sin uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2014, hadde bl.a med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viste kr. 162.216.000 til fordeling drift,
- eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 4.316.000, og
- eit positivt netto driftsresultat på kr. 10.048.000.

Frå rådmann si årsmelding er trekt fram:

«*Ein såpass positiv resultatgrad gjev oss handlingsrom for dei oppgåvane som ligg føre oss. I tillegg kan me bygga opp ein buffer for uføresette hendingar som kan kome.*»

Vidare merka kontrollutvalet seg m.a. følgjande uttale frå rådmannen i årsmeldinga:
«*Årsmeldinga er i hovudsak bygd etter same leisten som førre år og avspeglar dei fire hovudområda våre: God økonomi, god personalforvaltning, gode utviklingsprosjekt og gode tenester ! Tysnes kommune har ikkje innført målekort og balansert målstyring. På den måten vert også årsmelding litt meir ustukturert og uføreseieleg, mest som ein oppdagingsferd ! Når det er sagt, så har me eit veldig enkelt mål som gjeld i kvar einaste avdeling, og som også ligg fast i gjeldande kommuneplan: Me skal gjera Tysnes til ein attraktiv stad å bu.*»

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet vedr. årsrekneskap og årsmelding for 2014:

- Kontrollutvalet merkar seg at det er lagt fram eit godt økonomisk driftsresultat for 2014, og har ingen ting å merka til måten rekneskap og årsmelding for Tysnes kommune for 2014 er lagt fram på.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 3 må følgjast opp.
- Kontrollutvalet merkar seg og at det er tilfredstillande nivå på både lånegjeld og disposisjonsfond

12 Skattoppkrevjarfunksjonen.

Kontrollutvalet har og hatt kommunen sitt skatterekneskap, årsmeldinga frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2014 til handsaming.

Kontrollutvalet merka seg Skatteetaten, Skatt Vest, sin konklusjon om at Tysnes kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon, som i det alt vesentlege, vert utført på ein tilfredstillande måte, og i samsvar med gjeldande regelverk.

13 Tilsyn frå Fylkesmannen.

Når til dømes Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ein av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Følgjande tilsyn er gjennomført i Tysnes kommune i 2015:

- Tilsyn med Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Tysnes kommune
- Tilsyn med arkiv i Tysnes kommune
- Tilsyn med 2 barnehagar i Tysnes kommune (kommunen er sjølv tilsynsmynde).

Kontrollutvalet har fått seg førelagt rapport etter tilsyna, unntake er rapport etter tilsyn med arkiv, der det ennå ikkje føreligg rapport.

14 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet 2015.

- Orientering om sikkerheits- og beredskapsarbeid i samband med ekstremvær.
- Orienteringssak om etikkarbeid i Tysnes kommune
- Orientering om arbeidsmiljøundersøking i Tysnes kommune
- Orientering om oppfølgingsarbeid etter tilsyn frå Arbeidstilsynet med skular i Tysnes kommune
- Budsjettframlegg for kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og
- Budsjettstatus for KUV-budsjett, underveis i året
- Tertiarrapportar for kommunerekneskapen
- Finansforvaltningsrapportar
- Utvalet har og som faste punkt på saklista – referatsaker og gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

15 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet for valperioden 2011 - 2015.

Kontrollutvalet i førre valperioden hadde sitt siste møte 10.09.2015. Av sakene på dette møtet var «Evaluering av arbeidet i denne valperioden».

I første møte i kontrollutvalet for inneverande valperioden, 30.11.15, vart det gjort vedtak om å følgja opp nokre av punkta som kom fram i evalueringa. Kontrollutvalet ville særleg følgje opp desse punkta:

- a) Ein bør normalt unngå at det vert sett i gang forvaltningsrevision innan områder der det og har vore tilsyn frå statlege myndigheter. Det vart lagt vekt på at ein må arbeida for å få til gode prosjekt som kommunen kan hausta lærdom av.
- b) Viktig at det vert skapt forståing for KUV sitt arbeid. Kontrollutvalet ønskjer at roller, oppgåver og ansvar for kontrollutvalet vert presentert for kommunestyret i eit møte.
- c) KUV bør planlegga å ha nokre møter utanfor rådhuset. Det skal lagast ein oversikt over aktuelle bedrifter, institusjonar og saksområde i kommunen, slik at KUV kan drøfta dette vidare.
- d) KUV ønskjer å planlegga sekvensar med folkevaldopplæring vidare utover i KUV-møter. Det må og planleggast å nytta tilbod om kursdagar frå Deloitte.

Tysnes 14. april 2016

Britt Sørensen Dalsgård
leiar i kontrollutvalet